

Årsmelding skøytegruppa 2023



Styret i skøytegruppa 2023:

Finn Hauge	leiar
Kjersti Klingenberg Østergren	kasserar
Guri Olsen	sekretær
Tom Stian Finden Nundal	styremedlem
-	styremedlem

Aktivitetar

Vintersesongen 2023 var nok ein gong ein av-og-på vinter for isaktivitet i Lærdal. Skøyteisen blei opna fyrste veka i desember (2022). Stadige periodar med mildvêr gjennom vinteren gjorde det vanskeleg med planlagt aktivitet, og førte til mykje jobb for våre iherdige isleggjarar.

Grunna dei ustabile forholda, blei det ikkje arrangert onsdagkarusellar denne sesongen heller. Så sant det var brukande is vart det arrangert istrening måndagar. Og på slutten av sesongen, 12. mars, klarte me å få til Lærdalsmeisterskap med 23 deltakarar.

Gledeleg er det at skule og barnhage også i år har nytta skøytebana flittig. Dei har då fått tilgang til utlånskøytene me disponerer.

Me har hatt deltakarar på stemner utanfor kommunegrensa i 2022-2023 sesongen, der me kan nemne Kåre Øyri med 3. plass på 500m NM Veteran i Stavanger.

Anlegg

Arbeidet med kunstisbane i Lærdal pågår fortsatt. Med hjelp frå Norconsult blir det jobba med å få fram eit oppdatert beslutningsunderlag til det politiske styret i Lærdal kommune. Målet er å ha dette klart innan sommaren 2024.

Sluttord

Til slutt ei takk til alle som har vore med å fremja skøytesporten i år også, med ei spesiell takk til alle foreldre som stiller opp for barna, og våre iherdige isleggjarar Kåre og Ragnar, og vår altmoglegmann Tom-Stian som alltid stiller opp!